



forum for
natur og friluftsliv
i
Sogn og Fjordane

Norges vassdrags- og energidirektorat
nve@nve.no

Leikanger 02.10.2015

Registreringsnummer:
Saksnummer:

7667
200802279

Høyringsfråsegn frå Naturvernforbundet og Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane, Sogn og Fjordane Turlag, Luster Turlag og Luster Jakt og Fiskelag ang. Vigdøla kraftverk – søknad om planendring.

FNF - Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane er eit samarbeidsforum mellom natur- og frilufsorganisasjonane på fylkesnivå, og har som formål å ivareta natur- og frilufsinteressene i aktuelle saker.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Vigdalselvi ligg i Luster turlag sitt arbeidsområde, sjå <https://luster.dnt.no/>

Om Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane:

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane er fylkeslaget til Norges Naturvernforbund som er landets eldste natur- og miljøverneorganisasjon, 100 år i 2014. Naturvernforbundet arbeider for å ta vare på natur og miljø slik at menneskeleg verksemd ikkje påfører naturen større påkjenningar enn den toler. Sjå: <http://naturvernforbundet.no/sognogfjordane/>

Om Luster Jakt og Fiskelag

Luster Jakt og Fiskelag er eit lokallag av Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane. Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:

Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:

-å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv. Sjå:

FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

<http://www.njff.no/sognogfjordane/fylke/> og <http://www.njff.no/sognogfjordane/luster>

1. Nokre merknader til innstillinga frå NVE av 18.12.2013

Kunnskapsgrunnlaget

I si innstilling av 13. desember 2013 viser NVE, under kapitelet "Samlet belastning", til kravet i § 8 i naturmangfaldlova (nml) til kunnskapsgrunnlaget. NVE meiner kunnskapsgrunnlaget er godt nok til å avgjere saka på grunnlag av den kunnskapen som har komme fram gjennom konsekvensutgreiinga med underliggende fagrapportar.

Under høyringa kom det fram forstandig tvil om konklusjonane i det materialet som følgde søknaden. Det er usemje om konsekvensane for fisken i Jostedøla, om livsgrunnlaget for fossefall i Vigdøla og fleire andre punkt som NVE har gjort greie for i si innstilling.

Usemje om konsekvensane av inngrep på naturen og det som lever der, er vanleg. Nesten aldri er ei sak så godt undersøkt at resultatet av endringar i edafiske og biotiske faktorar er nær opplagt. Historia om slike vurderingar viser at det ofte gjekk annleis enn den beste fagkunnskapen kunne varsle. Nokre gonger har dei negative konsekvensane vore mindre enn venta, som regel større. Denne realiteten meiner vi tilseier at det er feil å legge einsidig vekt på den eine av fleire og delvis motstridande oppfatningane av saka. Når situasjonen er prega av uvisse, har forvaltningsorganet etter vår oppfatning plikt til å ta omsyn til at utfallet er usikkert. Dette meiner vi følgjer av nml § 9. Det står òg i nml § 8, 2. leden, at styresmaktene

"skal legge vekt på den kunnskap som er basert på generasjoners erfaringar gjennom bruk av og samspill med naturen, herunder slik samisk bruk, og som kan bidra til bærekraftig bruk og vern av naturmangfoldet".

Etter vår oppfatning er siktemålet med lova å sikre at eit breitt tilfang av kunnskap ligg til grunn for avgjerdene. NVE hevdar at dei har følgd ei slik retningsline, men fell stort sett ned på dei opplysningane som kom fram av KU-programmet når det i høyringa er reist innvendingar mot dei.

Opplevingsverdiane

Konsekvensane for landskapet og opplevingsverdiane er i endå mindre grad enn reint naturfaglege emne eit tema for objektiv analyse. Etter vår oppfatning er innstillinga prega av at NVE har lagt vekt på korleis tilreisande vil oppleve dalen etter inngrepet og avbøtande tiltak, og i mindre grad brydd seg om det som kjem fram frå dei som bur i Vigdalen og elles i lokalsamfunnet. Dei har elva som ein del av sitt kvardagslandskap, sitt livsmiljø. Når dei meiner at mindre vassføring i elva gjev eit landskap med dårlegare opplevingar, er det ikkje nokon som kan overprøve denne oppfatninga. Dei er nok subjektive, men dei tek ikkje feil, og dei har krav på omsyn til si oppfatning. Vi finn det òg noko selektivt å legge til grunn, som NVE ser ut til å gjere, at det eigentlege og utslagsgjevande friluftslivet startar først høgre oppe i dalen enn inntaket, medan dei som vert råka av utbygginga meiner elva nedanfor er ein viktig del av opplevinga. For mange i Luster er det nok mindre klare grenser mellom

friluftsliv og anna liv enn det er i meir urbane strom. I det rurale Noreg er grensene mellom det eine og det andre gjeremålet mindre diskrete enn i byen.

NVE har kanskje rett i at talet på brukarar av sjølve Vigdalen og Vigdalen som innfallsport til fjellstroka lenger sør ikkje vil gå vesentleg ned på grunn av redusert vassføring i elva. Dette kan likevel ikkje vere eit avgjerande moment åleine. Verdien av friluftsliv og annan naturbruk ligg i opplevingane; det er eit kvalitativt gode, ikkje eit kvantitativt. Mindre opplevingsrik natur enn med dagens vassføring er eit tap som vi meiner er større enn ”liten negativ konsekvens”. Rennande vatn er ettertrakta av mange, truleg til ekstra glede for alle som får oppleve det. Om eit byggverk vert plassert lenger inne enn det før er inngrep i ein skog eller anna mark, vert den naturdominerte delen mindre, men landskapet innanfor er som før. Når ei elv vert dempa av at vatnet vert ført vekk, er heile elveområdet devaluert.

Konklusjonane i KUen, som går ut på at konsekvensane for landskap og friluftsliv er små, byggjer på ein modell der berre kombinasjonen av nasjonalt viktige område og mange som opplever verdiane, kan gje store negative konsekvensar til svar i rubrikken. Dette kan vere greitt nok dersom også nytten av tiltaket er viktig i nasjonal samanheng. Dette er neppe tilfelle med 35 eller 49 GWh meir kraft på nettet i eit land med stort overskot frå før.

Samla påkjenning

Det er uvisst kva som gjekk tapt av leveområde og artsmangfald etter den store utbygginga på 1980-talet i Jostedalen. Med unnatak for Fåbergstølsgrandane, som med store naturverdiar kom med i Jostedalsbreen nasjonalpark, var det påverka området relativt dårleg undersøkt. For den aktuelle planen i Vigdalen er det fagleg usemje om kva som vert konsekvensane. Det er vanskeleg å vere sikker på kor stor den samla påkjenninga på artslivet. Likevel må det vere opplagt at fossenaturen i Jostedalen er sterkt redusert.

Mykje av dei nær truga naturtypane fosseeng og fossberg er både i Jostedalen og Indre Sogn generelt negativt påverka av kraftutbygging i stor grad. Vi ser det som opplagt at variasjonsbreidda innanfor desse naturtypane og elvenaturen elles er mykje mindre enn før dei store kraftutbyggingane i Jostedalen, i Fortun-Granfasta, vassdraga i Årdal og i delar av Lærdal. Samanlikna med dei store inngrepa i regionen, skal vi vedgå at den aktuelle utnyttinga av Vigdøla neppe er av vesentlege dimensjonar. Men det store omfanget av inngrep tilseier med tyngde å vere varsam med nye konsesjonar. Når mykje er tapt, er dei mindre restane viktigare enn dei elles ville vore.

Ei rimeleg avveging av nytten mot ulempene tilseier etter vår oppfatning av samfunnet ofrar lite eller ingen ting ved å la Vigdøla renne som i dag. Kraftforsyninga er så romsleg at dei nasjonale argumenta for utbygging kan ikkje vege tungt. Luster kommunestyre har nyleg sagt at den lokale nytten ikkje forsvarer inngrepet.

NVE har lagt vekt på at søknaden gjeld eit opprustings- og utvidingsprosjekt. Vi meiner dette kan ikkje vere ein karakteristikk av stor tyngde i saka. Det er ikkje noko som tilseier at eit nei i

Vigdalen utløyser krav om å gå laus på eit uforstyrta vassdrag ein annan stad. For naturen er det endringane i vassføring som er vesentleg, ikkje kva nemning planen har.

Jostedøla er blant elvene i kategori 1.1 dvs har øverste prioritet for revidering av konsesjonen innan 2022 (NVE og Mdir Rapport 49/2013). Det er no lagt fram som tiltak å styrke fiskebestanden i Jostedøla <http://www.vannportalen.no/vannregioner/sogn--og-fjordane/aktuelt1/nyhende1/2015/sept---desember/hove-til-a-gje-innspeil-til-miljomal-i-regulerte-vassdrag/> :

Framlegg om å endre miljømålet på lakse- og sjøaureførande strekning (vassregion S&F).

*Miljødirektoratet og Fylkesmannen har kome med innspel om at utvalde vassførekomstar i Aurlandsvassdraget, **Jostedøla**, Årøyelva, Vetleffjordelvi, Bøffjordelva, Hopra, Vikja, Nærøysdalselvi, Dalselvi i Arnaffjordvassdraget og Lærdalselvi kan nå god økologisk tilstand innan 2021. Det vil seie at dei ikkje lenger skal vere sterkt modifiserte (SMVF), men naturlege vassførekomstar. Oversikt over aktuelle vassførekomstar er gitt i vedlegg 1. Endringsframlegget gjeld for anadrom strekning (laks- og sjøaureførande strekning). For å nå god økologisk tilstand er det aktuelt med m.a. **vasslepp** som tiltak som kjem den lakseførande strekninga til gode (vår utheving). For anadrom fisk i Jostedøla vil nytten av varmt ferskvatn frå Vigdøla truleg gjere større nytte i ein mindre lokal del av Jostedøla enn ein tilsvarende liten vassmengde temperert vatn fordelt på heile elvestrengen. Om det i framtida kjem eit pålegg om vasslepp til Jostedøla grunna revidert miljømål GØP som er føreslege sett til å skulle «styrke fiskebestanden» ref, høyringsutgåva til Miljømål GØP og GØT innan 2021, vassregion S&F sept.2015, er det meir tenleg no å behalda tilkomsten av varmare ferskvatn til elva i anadrom strekning enn å fjerna meir av den. For plommesekkyngel er det varnare vatnet lokalt av stor betydning for opptak av føde og vekst (viser til høyringsfråsegn frå Luster JF tidlegare i prosessen). For fisk er vasslepp i Jostedøla ikkje berre vatn, det er avgjerande kva slags temperatur det er på vatnet som kjem og om det er næring i det. Slik sett er vatnet frå Vigdøla meir verdifullt for fiskebestanden og sett i lys av kommande revidering for betre miljømål i vassdraget.*

2. Søknaden om planendring

Vi går ut frå at søknaden om planendring inneber at den første søknaden for Vigdøla i realiteten ikkje lenger er aktuell, ut frå den oppfatninga at ein konsesjon er eit løyve, ikkje eit pålegg om å byggje. Vi er samde i at eit kraftverk med slukevne på 1,7 m³/s vil sleppe forbi meir vatn i elva enn den tidlegare planen gjekk ut på. Den nye søknaden er dermed noko betre for natur og landskap enn den første. På den andre sida er nytten av den nye planen vesentleg mindre, så liten at det tilseier å avslå den nye søknaden. Når Statkraft av økonomiske grunnar vil byggje eit mindre (små-) kraftverk, enn dei først søkte om, finn vi det rimeleg at omsyn til naturen like godt avviklar heile prosjektet.

I kommunedelplan for små kraftverk, Luster kommune, var Delområde 4.6: Vigdalen plassert i raud sone. I eit kommunestyremøte fekk politikarane flytta elva "politisk", ikkje fagleg, over til grøn sone i møte 25.01.07, for at prosjektet til NVE/Statkraft på 44,3 GWh kunne realiserast. Då var prosjektet stort nok til at politikarane øyna ein større vinst gjennom eit næringsfond m.m. No som prosjektet berre vert eit småkraftverk som kommunen ikkje kan forventa særleg økonomisk kompensasjon frå – finn dei ikkje lenger at ulempene ved tiltaket overstig fordelene.

Raud konfliktsone i planen står for:

Område med stort konfliktnivå. Her er det fleire spesielle interessekonflikhtar å ta omsyn til og/eller det er mindre positive lokale ringverknader enn andre delar av kommunen. Fokus i kommunen sin sakshandsaming er å redusere interessekonflikhtar og å sikre allmenne interesser.

Konklusjon

Forum for natur og friluftsliv i Sogn og Fjordane, Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane, Luster Jakt og Fiskelag og Sogn og Fjordane turlag går i mot å gje Statkraft konsesjon til den endra søknaden for kraftverk i Vigdøla. Ulempene av den nye søknaden er noko mindre enn av den tidlegare, men det er også føremonane. Vassdragsnaturen i Jostedalen har fått så hard medfart tidlegare at styresmaktene bør overlate dei kvalitetane som er igjen til framtida. Det store kraftoverskotet som vi har, tilseier at dette er ikkje noko offer for samfunnet.

Med helsing

Forum for natur og friluftsliv

Elisabeth Dahle

koordinator

Naturvernforbundet i Sogn og Fjordane

Erik Solheim, rådgjevar og sakshandsamar

Marit Vøien Nes, leiar



Sogn og Fjordane Turlag

Ron Overdevest, leiar naturvernutvalet



Luster Turlag

Luster Jakt og Fiskelag

Per Gunnestad, leiar



FNF Sogn og Fjordane, Sognefjordvegen 40, 6863 Leikanger. Tel.: 480 20 532

Epost sognogfjordane@fnf-nett.no

Nettside www.fnf-nett.no/sognogfjordane

